



Innst. 152 S

(2010–2011)

Innstilling til Stortinget frå næringskomiteen

Prop. 24 S (2010–2011), unntatt kapitlene 2426, 5326 og 5613

Innstilling frå næringskomiteen om endringar i statsbudsjettet for 2010 under Nærings- og handelsdepartementet

Til Stortinget

1. Sammendrag

I proposisjonen legg Nærings- og handelsdepartementet fram endringsforslag på statsbudsjettet 2010 i samsvar med pkt. 2 i proposisjonen.

1.1 Nærmere omtale av enkelte av endringsforslagene

Kap. 909 Tiltak for sysselsetting av sjøfolk

POST 73 TILSKOT TIL SYSSELSETTING AV SJØFOLK,
OVERSLAGSLØYVING

Ordinær løyving i saldert budsjett 2010 var 1 750 mill. kroner. På grunnlag av utrekningar og prognose etter utbetalingane for dei tre første terminane i 2010 vart løyvinga redusert med 50 mill. kroner, til 1 700 mill. kroner, i samband med revidert nasjonalbudsjett 2010. Reduksjonen i tilskotsutbetalingane i høve til anslaget i revidert nasjonalbudsjett 2010 kjem av fleire faktorar. Mest utslagsgivande er at færre sjøfolk enn venta har vore omfatta av nettolønsordningane, mindre lønstillegg, og at fleire skip har ligge i opplag eller på anna måte har vore uverksame i perioden.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 150 mill. kroner, frå 1 700 til 1 550 mill. kroner.

Kap. 922 Romverksemd

POST 70 KONTINGENT I EUROPEAN SPACE AGENCY
(ESA)

Kontingenten i den europeiske romorganisasjonen ESA vert utbetalt i euro. Norsk Romsenter har hatt utbetalingar i euro til ESA til andre kursar enn den som vart lagt til grunn for saldert budsjett. Samstundes har det òg vore justering i kontingentoppkallinga frå ESA i budsjettåret. Som følgje av dette blei løyvinga redusert med 15,2 mill. kroner ved Stortinget si handsaming av Prop. 125 S og Innst. 350 S (2009–2010). Etter ny justering gjer ein no framlegg om at løyvinga blir redusert med ytterlegare 7,9 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 7,9 mill. kroner, frå 130,2 til 122,3 mill. kroner.

POST 71 INTERNASJONAL ROMVERKSEMD

Deltaking i internasjonal romverksemd vert utbetalt i euro og amerikanske dollar. Valutakursane har endra seg i budsjettåret i høve til kursane som blei lagt til grunn for saldert budsjett. Samstundes har det vore ei endring i oppkallinga av programmidlar frå ESA i 2010.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 22 mill. kroner, frå 404,2 til 382,2 mill. kroner.

POST 73 GALILEO

Kontingenten for norsk deltaking i det europeiske satellitnavigasjonsprogrammet Galileo vert utbetalt i euro. Valutakursen har endra seg i løpet av budsjettåret samanlikna med kursen som vart lagt til grunn i saldert budsjett. Samstundes har det vore end-

ringar i oppkallinga av kontingent frå Europakommisjonen.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om å auke løyvinga med 6,5 mill kroner, frå 119,9 til 126,4 mill. kroner.

Kap 924 Internasjonalt samarbeid og utviklingsprogram

POST 70 TILSKOT, KAN OVERFØRAST

Løyvinga dekkjer kontingent til Europakommisjonen for norsk deltaking i EU-program som Nærings- og handelsdepartementet har fagansvar for. I tillegg dekkjer løyvinga utgifter knytt til oppfølging av programma, m.a. nasjonale ekspertar, nasjonale sekretariat og kontaktpunkt, utgreiingar og evalueringar. Basert på endeleg budsjett frå Europakommisjonen frå juli 2010, faktisk innbetalt kontingent for dei aktuelle programma til endra eurokurs og prognose for følgjeutgifter resten av året kan løyvinga reduserast med 12 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 12 mill. kroner, frå 56 til 44 mill. kroner.

Kap. 950 Forvaltning av statleg eigarskap

POST 21 SPESIELLE DRIFTSUTGIFTER

På statsbudsjettet for 2010 er det løyvd 10,7 mill. kroner til å dekkje utgifter og fagleg bistand i samband med aksjetransaksjonar i selskap under Nærings- og handelsdepartementet si forvaltning. Posten skal òg dekkje konsulentbistand ved eigar- og strukturmessige vurderingar og VPS-avgifter.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om å auke løyvinga med 14,2 mill. kroner, frå 10,7 til 24,9 mill. kroner.

POST 95 (NY) KAPITALINNSKOT

Statkraft – Strategiske og finansielle rammer

Bakgrunn

I eit brev til Nærings- og handelsdepartementet i februar 2009 bad styret i Statkraft om ei styrking av kapitalen til selskapet i form av eit kapitalinnskot på 8 mrd. kroner og ei justering av utbyttepolitikken overfor selskapet med ein utbytteandel lågare enn 75 pst. Til saman skulle dette leggje til rette for eit investeringsprogram på om lag 90 mrd. kroner. Bakgrunnen for oppmodinga var eit ønskje om å realisere styret sitt forslag til investeringsstrategi for selskapet i perioden 2009–2015. Dette er spørsmål som departementet og regjeringa har vurdert grundig i 2009 og 2010.

Statkraft fatta i juni 2010 vedtak om ein strategi fram mot 2015 som er meir fokusert samanlikna med strategien som blei lagt fram i februar 2009. Strate-

gien medfører at Statkraft framover i større grad vil ha fokus på kjerneverksemda knytt til fleksibel kraftproduksjon og vindkraft i Nordvest-Europa. I tillegg vil selskapet investere i vasskraft i Sørøst-Europa og i enkelte land med raskt veksande økonomiar i Sør-Amerika og Asia.

Det nye styret vart oppmoda om å gjere ein ny gjennomgang av kapitalbehovet.

I brev til departementet av november 2010 viser styret til at det er eit betydeleg potensial for verdiskaping i Statkraft innanfor hovudretninga som ligg til grunn for strategien frå juni 2010. For å ha finansiell kapasitet til å kunne realisere dette potensialet ber styret om eit eigenkapitalinnskot på 14 mrd. kroner. Selskapet har då lagt til grunn eit utbyte på om lag 80 pst. Dette inneber eit investeringsprogram på om lag 82 mrd. kroner. Justert for metodeendringar i modelleringa er dette ein reell nedgang på over 20 pst., målt mot investeringsplanen frå februar 2009.

Statkraft sin fokuserte strategi

Statkraft vil halde fram med å utvikle ein forretningsmodell med vekt på miljøvenleg og fleksibel kraftproduksjon og energihandel. Statkraft vil vidare utvikle verksemda innanfor vindkraft rundt Nordsjøen, og utanfor Europa vil Statkraft utvikle vasskraftproduksjonen i SN Power.

I Noreg har Statkraft høge ambisjonar knytt til innovasjon og nyskaping og vil også støtte opp under ei god utvikling i dei regionale kraftselskapa innanfor miljøvenleg energi. Etter kommersielle vurderingar har Statkraft også bestemt å gå ut av solkraft og å leggje ned ambisjonane om utvikling av nye energiformer som bølge- og tidevasskraft. Statkraft har også lagt til side planar om eventuelle oppkjøp i regionale kraftselskap og om eit eige engasjement innanfor nettverksemd.

Meir konkret medfører den strategien styret har vedteke ei satsing på følgjande hovudområde: Europeisk fleksibel kraftproduksjon og marknadsoperasjonar, internasjonal vasskraft, vindkraft, fjernvarme, småkraft og innovasjon, og regionale selskap.

Vurdering

Statkraft er eit av dei viktigaste og mest verdifulle selskapa staten eig. Statkraft forvaltar betydelege norske vasskraftressursar som regjeringa ønskjer skal komme heile samfunnet til gode gjennom avkastinga frå verksemda.

Selskapet er i dag den største produsenten av fornybar energi i Europa.

Regjeringa ønskjer å leggje til rette for å utvikle Statkraft som ein motor innanfor fornybar energiproduksjon og å vidareutvikle kompetansen som Statkraft i dag har knytt til miljøvenleg energi. Regjeringa ønskjer å kapitalisere vidare på dei midlane

som staten alt har investert i Statkraft, til utviklinga av norsk miljøvenleg energikompetanse. Regjeringa ønskjer vidare å bidra til tilgang på rein fornybar energi i raskt veksande økonomiar gjennom å leggje til rette for at Statkraft har finansielle rammer til å gjere lønsame investeringar gjennom SN Power.

Det er regjeringa si vurdering at Statkraft bør styrke sine posisjonar innanfor vass- og vindkraftproduksjon og i mindre grad bør engasjere seg i gasskraftproduksjon utan renseteknologi framover. Regjeringa legg i samband med dette til grunn at ei tilføring av ny kapital ikkje vert nytta til investeringar i kolkraft eller atomkraft og heller ikkje vert nytta til oppkjøp av nye gasskraftverk.

Som det går fram av eigarskapsmeldinga frå 2006, jf. St.meld. nr. 13 (2006–2007), er hovudoppgåva til Statkraft å vere ein effektiv produsent av kraft i Noreg. Regjeringa meiner at dette framleis bør vere hovudoppgåva for verksemda. Av konkurranseomsyn har Statkraft svært begrensa rom for auka engasjement innanfor kraftproduksjon i Noreg. Vekst og utvikling av selskapet må derfor i stor grad skje gjennom auka engasjement internasjonalt. Regjeringa legg her til grunn at ny kapital ikkje skal nyttast til fleire oppkjøp i regionale kraftselskap i Noreg.

Samstundes er regjeringa opptatt av at større satsing utanfor Noreg må underbyggje Statkraft si verksemd i Noreg. Regjeringa forventar at den kompetansen som selskapet opparbeider gjennom internasjonale engasjement innanfor fornybar energi, til dømes innanfor hav- og landbasert vindkraft, også blir tatt i bruk i Noreg når dette er forretningsmessig lønsamt.

Regjeringa viser til dei kommersielle vurderingane den internasjonale investeringsbanken Nomura har gjort på oppdrag frå Nærings- og handelsdepartementet, om at ytterlegare investeringar frå staten i Statkraft vil kunne vere verdiaukande for staten som eigar, jf. omtale i proposisjonen. Regjeringa er også opptatt av at Statkraft skal inngå partnerskap for å dele risiko i investeringane utanfor kjerneverksemda i Nordvest-Europa.

Med bakgrunn i vurderingane over gjer regjeringa framlegg om at eigenkapitalen i Statkraft blir styrkt med 14 mrd. kroner. Regjeringa legg til grunn at dagens utbyttepolitikk vert ført vidare.

Regjeringa sitt forslag inneber finansiell tilrettelegging for gjennomføring av selskapet sin strategi gjennom auke av staten sin innskotskapital i Statkraft SF. Auka kapitalinnskot i Statkraft SF til styrking av eigenkapitalen inneber i realiteten at utbyttet i 2010 skal først tilbake til selskapet. For å få fram eit korrekt uttrykk for det oljekorrigerte underskotet før lånetransaksjonar i statsbudsjettet, foreslås derfor det allereie utbetalte utbyttet på 4 189 mill. kroner ført tilbake til selskapet ved at løyvinga under kap. 5656 Aksjar i selskap under NHD si forvaltning, post 85

Utbytte, reduserast med 4 189 mill. kroner. I tillegg foreslås 9 811 mill. kroner løyvd på kap. 950 Forvaltning av statleg eigarskap, ny post 95 Kapitalinnskot. Til saman utgjer desse løyvingane 14 mrd. kroner.

Auken av eigenkapitalen i selskapet vil bli vedteke i ekstraordinært føretaksmøte etter at Stortinget har gjort dei nødvendige løyvingvedtaka.

Kap. 960 (nytt) Raufoss ASA

POST 71 REFUSJON FOR MILJØTILTAK

Stortinget vedtok 15. juni 2007 å utvide den statlege garantiramma for miljø- og forureiningsansvaret etter verksemda til Raufoss ASA frå 50 til 90 mill. kroner, jf. St.prp. nr. 69 og Innst. S. nr. 230 (2006–2007). Eit eige prosjekt i regi av Raufoss Industripark gjennomfører miljøtiltaka, med grunnlag i pålegg frå Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif) til Raufoss Næringspark ANS. Oppryddinga i samsvar med gitte pålegg frå Klif er venta slutført i 2010. Med bakgrunn i brev frå Klif av 20. august 2010 vil truleg Klif komme med pålegg om vidareføring av tiltak og overvaking av grunnvatn og overvatn knytt til historisk forureining på Raufoss Industripark. Ifølgje statens miljørådgivar vil eit nytt pålegg frå Klif til Raufoss Næringspark ANS føre til kostnader på om lag 34 mill. kroner fram til 2014. For å kunne oppfylle gjeldande og eit framtidig pålegg frå Klif foreslås ramma for det statlege garantiansvaret utvida til 124 mill. kroner i statsbudsjettet for 2010.

På denne bakgrunnen gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om å løyve 16,2 mill. kroner til refusjonar for 2010. Vidare gjer departementet framlegg om å utvide den statlege garantiramma for miljø- og forureiningsansvar på Raufoss frå 90 til 124 mill. kroner, jf. Forslag til vedtak II.

Kap. 2421 Innovasjon Norge

POST 50 INNOVASJON, PROSJEKT – FOND

I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2010 blei det løyvd 67 mill. kroner til tapsavsettingar i samband med at ramma for innvasjonslån blei auka med 200 mill. kroner øyremerkt for maritime næringer. Det ligg ikkje an til at låneramma vil bli nytta fullt ut. Det same gjeld dermed òg det tilhøyrande tapsfondet.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om å redusere løyvinga under posten med 16 mill. kroner, frå 460 til 444 mill. kroner.

Nærings- og handelsdepartementet vurderer det no slik at det vil vere meir formålstenleg å endre forholdet mellom ramma for landsdekkande innovasjonslån og ramma for garantiar for lån til realinvesteringar og driftskapital.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om å auke ramma for landsdekjande garantiar med 30 mill. kroner, jf. Forslag til vedtak III, mot ein tilsvarande reduksjon i ramma for innovasjonslån. Forslaga ovanfor inneber dermed å redusere ramma for innovasjonslån med til saman 80 mill. kroner, til 620 mill. kroner, jf. Forslag til vedtak IV.

POST 90 LÅN FRÅ STATSKASSA TIL UTLÅNS-
VERKSEMD, OVERSLAGSLØYVING

Innlån og avdrag har blitt auka i 2010 fordi Innovasjon Norge har tatt opp meir kortsiktige lån enn det som låg til grunn ved salderinga av budsjettet for 2010. Dette inneber òg at avdraga blir auka, jf. omtale under kap. 5325 post 90.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om å auke løyvinga med 1,05 mrd. kroner, frå 45,9 til 46,95 mrd. kroner.

Kap. 3907 Sjøfartsdirektoratet

POST 2 MARITIME PERSONELLSERTIFIKAT

Løyvinga omfattar gebyr for utsteding av maritime personellsertifikat. På grunnlag av innbetalte gebyr hittil i år og prognose for innbetaling i resten av året, reknar Sjøfartsdirektoratet med at det blir sviakt i gebyrinntekta under posten med om lag 4 mill. kroner. Årsaka til dette er at vesentleg færre har teke obligatorisk båtførarløyve i 2010 enn det som vart lagt til grunn i saldert budsjett.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om å redusere inntektsløyvinga med 4 mill. kroner, frå 15 til 11 mill. kroner.

Kap. 5325 Innovasjon Norge

POST 90 AVDRAG PÅ UTESTÅANDE FORDRINGAR

Posten omfattar avdrag på lån til Innovasjon Norge frå statskassa. Ein viser til omtale av opplegget for innlån under kap. 2421 post 90 ovanfor. Som følgje av opptak av meir kortsiktige lån enn lagt til grunn i saldert budsjett, er det behov for å auke løyvinga.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om å auke inntektsløyvinga med 2,3 mrd. kroner, frå 43,8 til 46,1 mrd. kroner.

POST 91 (NY) TILBAKEFØRT KAPITAL, SÅKORNFOND

Bubehandlinga etter konkursen i Såkorninvest Innlandet AS er avslutta. Innovasjon Norge sitt lån til selskapet var opphaveleg på 30 mill. kroner, med eit tilhøyrande tapsfond på 7,5 mill. kroner. Tapsfondet blei fullt utnytta. Etter konkursbehandlinga fekk Inn-

ovasjon Norge ein dividende på 2,4 mill. kroner. I samband med revidert nasjonalbudsjett 2010 blei det løyvd 23,8 mill. kroner (under kap. 2421 post 51) til dekking av tap knytt til konkursen.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om ei inntektsløyving på 30 mill. kroner knytt til tilbakebetaling av lån til Såkorninvest Innlandet AS.

Kap. 5460 Garanti-instituttet for eksportkreditt

POST 91 AVDRAG PÅ LÅN TIL BYGGELÅNSGARANTIOR-
ORDNINGA

GIEK tok i mai 2009 opp eit lån i statskassa på 104 mill. kroner for å dekkje erstatningsansvar under garantiordninga for byggelån til skipsbyggingsindustrien. Lånet skulle betalast tilbake fortløpande når fordringane som følgje av erstatning heilt eller delvis er dekt inn, eller eventuelt gjennom premieinntektene dersom det er likviditet under garantiordninga. Lånet blei fullt ut gjort opp i mai 2010.

Nærings- og handelsdepartementet gjer på dette grunnlaget framlegg om å auke inntektsløyvinga med 103,9 mill. kroner, frå 0,1 til 104 mill. kroner. Renter vert inntektsført under kap. 5614 post 80.

Kap. 5625 Renter og utbyte frå Innovasjon Norge

POST 87 (NY) UTBYTE FRÅ INVESTINOR AS

I 2009 fekk Investinor AS eit resultat etter skatt på 51 mill. kroner, som følgje av finansielle plasse-
ringer. Ifølgje retningslinene for utøving av eigarskapet i selskapet skal utbytet fastsettjast til 75 pst. av årsresultatet, avgrensa oppover til innskotskapitalen multiplisert med rentesatsen på staten sin kapital. Rentesatsen for staten sin kapital i investerings-
selskapet skal vere lik den gjennomsnittlege renta på femårs statsobligasjonslån. Utbyte i 2009, til utbetaling i 2010, er ut frå dette 38,3 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om ei inntektsløyving på 38,3 mill. kroner under ny post 87.

Kap. 5656 Aksjar i selskap under NHD si forvaltning

POST 85 UTBYTE

Regjeringa gjer framlegg om auking av eigenkapitalen i Statkraft SF med 14 mrd. kroner, jf. nærare omtale under kap. 950 post 95. 4 189 mill. kroner av auken vert dekt ved at selskapet får ført tilbake utbetalt utbyte i 2010.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om å redusere løyvinga under kap. 5656 post 85 med 4 189 mill. kroner, frå 9 050 til 4 861 mill. kroner.

Orienteringssak

KAP. 5460 GARANTI-INSTITUTTET FOR EKSPORT-KREDITT (GIEK)

Resultatet for Alminnelig garantiordning for 2010 vil venteleg liggje vesentleg under anslaget i budsjettet for 2010. Årsaka er at fleire nye garantiar er blitt innvilga enn det som elles har vore normalt. Avsettingane blir då høge, og fordi betalingane frå eksportørane ikkje blir bokført med ein gong, men blir ført over heile løpetida til garantipolisen, blir resultatet negativt. I Prop. 1 S (2009-2010) var prognosen eit positivt resultat på 10 mill. kroner. Resultatet i første halvår viser som følgje av dei mange garantiane eit underskot på 406 mill. kroner. GIEK går no gjennom rekneskapsprinsippa sine for å vurdere om avsettingar og inntekter bør bli bokført på ein annan måte.

2. Komiteens merknader

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Else-May Botten, Lillian Hansen, Arne L. Haugen, Brigte Samdal og leiaren Terje Aasland, frå Framstegspartiet, Per Roar Bredvold, Harald T. Nesvik og Torgeir Trældal, frå Høgre, Svein Flåtten, Frank Bakke-Jensen og Elisabeth Røbekk Nørve, frå Sosialistisk Venstreparti, Alf Egil Holmelid, frå Senterpartiet, Irene Lange Nordahl, og frå Kristeleg Folkeparti, Rigmor Andersen Eide, viser til Prop. 24 S 2010–2011, og har merket seg at det foreslås en rekke endringer i statsbudsjettet for 2010 under Nærings- og handelsdepartementet.

Kap. 909 Tiltak for sysselsetting av sjøfolk

Komiteen viser til at bevilgningen under kap. 909, tiltak for sysselsetting av sjøfolk, reduseres med 150 mill. kroner fra 1,7 mrd. kroner til 1,55 mrd. kroner. Grunnen til dette er at tilskuddsordningen er regelstyrt, og at spesielt tallet på sjøfolk som er omfattet av ordningen er avgjørende for størrelsen på refusjonsbetalingene.

Kap. 2421 Innovasjon Norge post 50

Komiteen har videre merket seg at regjeringen økte rammen for innovasjonslån til maritime næringer med 200 mill. kroner i RNB 2010, og at dette beløpet ble øremerket for maritime næringer som ett av flere tiltak fra regjeringen. Komiteen har merket seg at lånerammen ikke vil bli utnyttet fullt ut, og at man derfor reduserer de samlede bevilgninger under denne posten med 16 mill. kroner.

Post 70

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, har merket seg at regjeringen i budsjettet for 2011 foreslår å redusere bevilgningene til Innovasjon Norge. Det vises i denne sammenheng til at Nærings- og handelsdepartementet, på bakgrunn av informasjon fra Innovasjon Norge, forventer at selskapet har behov for å redusere bemanningen ut over reduksjoner i form av naturlig avgang og avslutning av kortvarige engasjementer som ble opprettet for å håndtere finanskrisetiltakene i 2009 og 2010. Flertallet merker seg at regjeringen på denne bakgrunn foreslår å øke bevilgningene til Innovasjon Norge med 20 mill. kroner i 2010, og at disse kostnadene skal knyttes til nedbemanningen i selskapet.

Flertallet er enig med regjeringen i at det er viktig at Innovasjon Norge får midler til å kunne gjennomføre en forsvarlig nedbemanningsprosess, og støtter denne bevilgningen.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet og Høyre viser til at regjeringen i budsjettet for 2011 fremlagt i oktober mente at bevilgningene til Innovasjon Norge kunne reduseres betraktelig på grunn av nedbemanning. Disse medlemmer finner det underlig at man ikke i oktober hadde en tilstrekkelig økonomisk oversikt over denne prosessen som kunne gjort det unødvendig med tilleggsbevilgninger på inneværende års budsjett. Disse medlemmer mener uansett at de eksisterende bevilgninger for Innovasjon Norge burde vært tilstrekkelige for å gjennomføre nedbemanningen, og vil gå imot bevilgningen.

Komiteens medlem fra Kristelig Folkeparti viser til sine merknader i forbindelse med behandlingen av Prop. 1 S (2010–2011).

Kap. 950 Forvaltning av statlige eierskap

Post 95 (ny) Kapitalinnskudd

STATKRAFT – STRATEGISKE OG FINANSIELLE RAMMER

Komiteen viser til at Statkraft er ett av de viktigste og mest verdifulle selskapene staten eier. Statkraft forvalter betydelige norske vannkraftressurser som skal komme hele samfunnet til gode. Komiteen vil vektlegge betydningen av at selskapet sikres god vekst og muligheter for ekspansjon samtidig som de ivaretar en god forvaltning av de nasjonale og evigvarende vannkraftressurser selskapet rår over på vegne av staten.

Komiteen vil i den forbindelse understreke betydningen av at selskapet er den største vannkraftprodusenten i Norge og legger til grunn at de sam-

funnsmessige forhold dette medfører for selskapet blir ivare tatt på en, for samfunnet, god måte av selskapet og selskapets ledelse.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Høyre, har videre merket seg at Statkraft er en sentral aktør for utvikling av det norske kompetansemiljøet innenfor energiproduksjon generelt og miljøvennlig energiproduksjon spesielt og forutsetter at dette nasjonale kunnskapsmiljøet får en positiv utvikling i gjennomføringen av selskapets strategi.

FOKUSERT STRATEGI

Komiteen ser det som positivt og viktig at Statkraft har hatt og har en ekspansiv vekststrategi. Komiteen har merket seg at Statkraft på bakgrunn av en justert strategi har henvendt seg til regjeringen med en forespørsel om å bidra med et egenkapitalinnskudd på 14 mrd. kroner samtidig som det er lagt til grunn et utbytte på om lag 80 pst. Komiteen viser til proposisjonen hvor det slås fast at selskapet har et betydelig vekstpotensial for verdiskaping innenfor rammen av det som ligger til grunn for denne strategien.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Høyre, har videre merket seg at dette vil innebære et investeringsprogram på om lag 82 mrd. kroner, hvorav en stor andel skal gå til investeringer i Norge. Flertallet konstaterer at dette er investeringer som i sin helhet er knyttet til økt satsing på miljøvennlig fornybar energi.

Flertallet har merket seg at proposisjonen omtaler Statkrafts fokuserte strategi.

Et annet flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet og Høyre, slutter seg til denne.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Høyre, vil allikevel understreke at det er betydelige forventninger til selskapet når det gjelder investeringer i ny kraftproduksjon i Norge, at selskapet bidrar sterkt til gode nasjonale innovasjonsløsninger samt utvikler gode prismodeller og løsninger for langsiktige kraftavtaler til industrien. Flertallet er opptatt av at en god utnyttelse av vannkraftressursene kan bidra til industrielle investeringer i Norge som igjen vil legge til rette for langsiktig verdiskaping. Flertallet legger til grunn for kapitalutvidelsen at selskapet innfrir disse forventningene.

REGIONALE SELSKAPER

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet og Høyre, har merket seg at det legges til grunn at Statkraft har offensive mål for utviklingen av miljøvennlig energi og andre kjer-

neaktiviteter innenfor energiområdet, og likeledes at Statkraft vil støtte opp under industrielle initiativ i datterselskapene Skagerak Energi og Fjordkraft og i de tilknyttede selskapene BKK, Agder Energi og Istad som støtter disse målene. Flertallet forutsetter at Statkraft legger til rette for at de regionale selskapene innenfor visse rammer, omtalt i proposisjonen som industrielle initiativ, får anledning til å delta i framtidsrettede aktiviteter av regional betydning.

YTTERLIGERE VURDERINGER

Komiteen har merket seg at regjeringens eksterne vurderinger er foretatt av Nomura og at denne vurderingen konkluderer med at investeringsplanen vil innebære langsiktige investeringer, og at dersom selskapet når målsettingene sine, bør dette bidra til økt inntjening etter 2015. Likeledes konkluderer Namura med at styrking av egenkapitalen vil gi Statkraft en langt bedre strategisk og finansiell fleksibilitet. Dette vil etter Nomuras vurderinger gi et større handlingsrom for å realisere planen, sterkere posisjon for å forberede verdiøkende investeringer etter 2015, og mindre press på kredittvurderingen av selskapet.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Høyre, har videre merket seg at regjeringen i proposisjonen slår fast at en større satsing utenfor Norge må underbygge Statkrafts virksomhet i Norge. Flertallet vil understreke betydningen av dette.

Flertallet har ingen ytterligere merknader til kapitalutvidelsen.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre og Kristelig Folkeparti viser til at styret i Statkraft ba om økt egenkapital til nye strategier allerede i februar 2009, men at reaksjonen fra eieren i tiden frem til nå bare har bestått i å skifte ut konsernsjef, styreleder og deler av styret.

Disse medlemmer har lenge etterlyst en avklaring i spørsmålet om finansiering av Statkrafts ekspansjonsstrategier og vil understreke at prosessen har gått svært sent og har vært uryddig fra regjeringens side.

Disse medlemmer har også savnet et initiativ fra eierne og selskapet på alternative måter å finansiere vekststrategien på, en strategi som hovedsakelig går på investeringer utenfor Norges grenser.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet og Høyre mener en omgruppering av balansen ved eksempelvis reduksjon av krysseierskapet i norske regionale kraftselskap kunne vært en mulighet. En mulighet som også kunne forbedret konkurransen i det norske markedet. Disse

medlemmer mener salg av aksjeposten i det tyske selskapet E-on kunne vært et annet alternativ til finansiering av nye strategier. Disse medlemmer viser særlig til at satsingen i den nye strategien er sagt å komme innenfor fornybar energi, mens man da beholder indirekte, likvide investeringer i selskaper som produserer betydelige mengder energi av ikke-fornybare ressurser.

Disse medlemmer mener at på lengre sikt kan en delprivatisering av Statkraft etter modell av Statoil med en ressursdel direkte eiet av staten være en god løsning. Resultatene fra Statoil viser både samfunnsøkonomiske og bedriftsøkonomiske fordeler i tillegg til økt evne til ytterligere investeringer og ekspansjoner.

Disse medlemmer mener videre at den delvise finansieringen av Statkrafts fokuserte strategi ved at staten først mottar utbytter og så betaler disse tilbake innenfor budsjettåret, er en uryddig måte å føre utbyttepolitikk på.

Disse medlemmer vil understreke at mye viktig tid har gått tapt for Statkraft på grunn av uryddig eierskapsstyring, og det har medført at finansieringsalternativer som kunne vært valgt, nå ikke er gjennomførbare nok på kort sikt.

Komiteens medlemmer fra Høyre viser til at Statkrafts nye strategi fremtrer som fornuftig, men mener det er ryddigere at staten tilfører hele beløpet på 14 mrd. kroner som kapitalinnskudd for å styrke egenkapitalen, og vil gå imot løsningen med å reversere allerede vedtatte og utbetalte utbytter.

Disse medlemmer går på dette grunnlag imot regjeringens forslag om å øke kap. 5656 post 85 med kr 4 189 000 000.

Disse medlemmer foreslår å øke kap. 950 post 95 med kr 14 000 000 000 og fremmer følgende forslag:

«I statsbudsjettet for 2010 blir det gjort følgende endringer:

Kap.	Post	Formål	Kroner
950		Forvaltning av statleg eigarskap	
	95 (ny)	Kapitalinnskott, blir løyvd med	14 000 000 000»

3. Forslag fra mindretall

Forslag fra Høyre:

I statsbudsjettet for 2010 blir det gjort følgende endring:

Kap.	Post	Formål	Kroner
950		Forvaltning av statleg eigarskap	
	95 (ny)	Kapitalinnskott, blir løyvd med	14 000 000 000

4. Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av samtlige av komiteens medlemmer, bortsett fra endringen i kap. 5656 post 85 Utbyte, som fremmes av samtlige av komiteens medlemmer, unntatt medlemmene fra Høyre.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

I

I statsbudsjettet for 2010 blir det gjort følgende endringer:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
900		Nærings- og handelsdepartementet	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 174 467 000 til kr 174 542 000	75 000
909		Tiltak for sysselsetting av sjøfolk	
	73	Tilskot til sysselsetting av sjøfolk, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 1 700 000 000 til kr 1 550 000 000	150 000 000
922		Romverksemd	
	70	Kontingent i European Space Agency (ESA), blir redusert med frå kr 130 200 000 til kr 122 300 000	7 900 000
	71	Internasjonal romverksemd, blir redusert med frå kr 404 200 000 til kr 382 200 000	22 000 000
	73	Galileo, blir auka med frå kr 119 900 000 til kr 126 400 000	6 500 000
924		Internasjonalt samarbeid og utviklingsprogram	
	70	Tilskot, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 56 000 000 til kr 44 000 000	12 000 000
950		Forvaltning av statleg eigarskap	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med frå kr 10 700 000 til kr 24 900 000	14 200 000
	95 (ny)	Kapitalinnskot, blir løyvd med	9 811 000 000
	96	Aksjar, blir redusert med frå kr 4 982 700 000 til kr 4 932 800 000	49 900 000
960 (nytt)		Raufoss ASA	
	71	Refusjon for miljøtiltak, blir løyvd med	16 200 000
2421		Innovasjon Norge	
	50	Innovasjon – prosjekter, fond, blir redusert med frå kr 460 000 000 til kr 444 000 000	16 000 000
	70	Bedriftsutvikling og administrasjon, blir auka med	20 000 000
	90	Lån frå statskassa til utlånsverksemd, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 45 900 000 000 til kr 46 950 000 000	1 050 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
Inntekter			
3901		Styret for det industrielle rettsvern	
	1	Patentavgifter, blir redusert med frå kr 118 000 000 til kr 106 150 000	11 850 000
	2	Varemerkeavgifter, blir auka med frå kr 55 000 000 til kr 61 500 000	6 500 000
	3	Designavgifter, blir auka med frå kr 3 700 000 til kr 4 000 000	300 000
	5	Inntekter av informasjonstjenester, blir redusert med frå kr 8 700 000 til kr 6 700 000	2 000 000
	6	Diverse inntekter, blir auka med frå kr 100 000 til kr 400 000	300 000
	7	Avgifter knytt til NPI, blir redusert med frå kr 2 200 000 til kr 1 350 000	850 000
3902		Justervesenet	
	1	Gebyrinntekter, blir auka med frå kr 42 600 000 til kr 45 050 000	2 450 000
	3	Inntekter frå sal av tenester, blir redusert med frå kr 13 940 000 til kr 11 490 000	2 450 000
3907		Sjøfartsdirektoratet	
	2	Maritime personellsertifikat, blir redusert med frå kr 15 000 000 til kr 11 000 000	4 000 000
	6	Overtredelsesgebyr, blir redusert med frå kr 22 500 000 til kr 14 000 000	8 500 000
3950		Forvaltning av statleg eigarskap	
	96	Sal av aksjar, blir redusert med frå kr 10 000 000 til 0	10 000 000
5325		Innovasjon Norge	
	90	Avdrag på utestående fordringar, blir auka med frå kr 43 800 000 000 til kr 46 100 000 000	2 300 000 000
	91 (ny)	Tilbakeført kapital, såkornfond, blir løyvd med	30 000 000
5460		Garanti-instituttet for eksportkreditt	
	91	Avdrag på lån til byggelånsgarantiordninga, blir auka med frå kr 100 000 til kr 104 000 000	103 900 000
5614		Renter frå Garanti-instituttet for eksportkreditt	
	80	Renter, blir redusert med frå kr 2 800 000 til kr 742 000	2 058 000
5625		Renter og utbyte frå Innovasjon Norge	
	80	Renter på lån frå statskassa, blir redusert med frå kr 400 000 000 til kr 305 000 000	95 000 000
	83 (ny)	Tilbakeføring av renter frå såkornkapitalfond, blir løyvd med	4 100 000
	87 (ny)	Utbyte frå Investinor AS, blir løyvd med	38 300 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
5656		Aksjar i selskap under NHD si forvaltning	
	85	Utbyte, blir redusert med	4 189 000 000
		frå kr 9 050 000 000 til kr 4 861 000 000	

II

Utviding av garantifullmakt

Stortinget samtykker i at Nærings- og handelsdepartementet i 2010 kan utgiftsføre utbetalingar knytt til utførte pålagte miljøltiltak etter verksemda i Raufoss ASA utan løyving under kap. 960 Raufoss ASA, post 71 Refusjon for miljøltiltak, innanfor gitt garantiramme på 124 mill. kroner.

III

Garantifullmakt

Stortinget samtykker i at Nærings- og handelsdepartementet i 2010 kan gi Innovasjon Norge fullmakt

til å gi tilsegn om nye garantiar for inntil 70 mill. kroner, men slik at totalramma for nytt og gammalt ansvar ikkje overstig 370 mill. kroner.

IV

Lånefullmakt

Stortinget samtykker i at Nærings- og handelsdepartementet i 2010 kan gi Innovasjon Norge fullmakt til å gi tilsegn om nye landsdekkjande innovasjonslån innanfor ei ramme på 620 mill. kroner.

Oslo, i næringskomiteen, den 9. desember 2010

Terje Aasland

leder og ordfører

